



Lese- og skriveplan for Høle barne- og ungdomsskule

Innholdsliste:

Forord	side 3
Rammeverk for grunnleggende ferdigheter	side 3
Det overordna målet for lesing og skrivning	side 3
Felles lesepraksis på alle trinn	side 4
1.trinn	side 5
2.trinn	side 7
3.trinn	side 9
4.trinn	side 12
5.trinn	side 14
6.trinn	side 17
7.trinn	side 19
8.trinn	side 21
9.trinn	side 24
10.trinn	side 26

Forord

Vi ønsker å legge til rette for ei heilheitleg lese- og skriveopplæring. Lesing og skriving er to av fem grunnleggande ferdigheiter som skal ligge til grunn i alle fag. Lesing og skriving er sterkt knytta til kvarandre. Derfor har vi valgt å kalle planen lese- og skriveplan.

Målet med planen er å sikre at alle elevane på Høle skule skal ha jamn progresjonen i lese- og skriveutviklinga. For å lukkast, må ein møte gode læringsprosessar gjennom heile skuleløpet, frå alle lærarar og i alle fag. Det er også presentert gode tiltak og læringsstrategiar for å hjelpe elevar som ikkje når sitt potensiale for lesing og skriving. Lesing og skriving høyrer heime i alle fag, og derfor har alle lærarar eit ansvar, om enn på ulik måte, for lese- og skriveopplæringa.

Planen er forankra i læreplanen frå 2020, LK20, fagfornyinga. Måla seier noko om kva eleven skal kunne etter endt opplæring på dei ulike trinna. I opplæringsplanen er måla etter 2,4,7 og 10.klassetrinn.

Runa Horve / Solveig Myrland, april 2021
Vedteken av SU, sak 10/21

Rammeverk for grunnleggande ferdigheter:

[Å kunne lese](#)

[Å kunne skrive](#)

Det overordna målet for lesing og skriving er at elevane skal:

- Utvikle funksjonell lese og skriveugeleik.
- Utvikle lese- og skriveglede.
- Kunne bruke lesing og skriving som redskap til å tilegne seg annan kunnskap.

I dette overordna målet ligg det at elevane i første omgang lærer å lese og skrive, for deretter å lese og skrive for å lære.

Felles lesepraksis på alle trinn:

- Alle elevane skal ha 15 minutt stillelesing på skulen kvar dag, eller 60-90 minutt samla lesetid i veka.
- Alle leselekser skal ha leseoppdrag.
- Ha fokus på å arbeide med ord og omgrep retta mot dei ulike faga.
- Bruke ulike type tekstar / ulike sjangrar gjennom heile året.
- Jobbe med lesestrategiar som er relevant for dei ulike fagspesifikke tekstane.
- Bruke skriverammer ved skriving av ulike fagspesifikke tekstar.
- Høyre elevane jamnleg i leselekser.

I denne planen er det under kvart trinn først og fremst eit mål om kor vi ønsker at elevane skal vere etter endt skuleår, samt konkrete arbeidsmetodar, lesestrategiar, læringsverktøy og lese- skriveprosjekt som kan vere aktuelle på kvart trinn.



1.trinn

Ønska måloppnåing etter 1. trinn:

- Meistre "fonologisk lesing". Dvs å kunne lese enkle lydrette ord og setningar.
- Meistre å skrive store og små bokstavar etter gjenkalling.

- Skape ein enkel tekst saman med andre etter modelltekst og med startsetningar.
- Ha mellomrom mellom ord i skriftlige tekstar.
- Meistre å skrive dei vanlegaste ikkje-lydrette orda.
- Meistre å skrive stor bokstav først i ord og i namn.

Lese- og læringsstrategiar:

- Presentere begrepet *førløsing*.
- Bilde.
- Tankekart.

Lese- og skriveaktivitar:

- Elevene skal lære 1-2 bokstavar i veka. Her må lærar tilpasse progresjonen i høve til elevmasse. Alle bokstavane bør vere gjennomgått innan februar.
- Finne ord som startar med vekas bokstav.
- Lage utstilling med gjenstandar som startar med vekas bokstav.
- Rim/regler.
- Skrive ord/ setningar frå bilete.
- Lydering, modellering av skriveretning.
- Lage bokstavar i kitt, i sand, med kritt osv..

Lesepraksis:

- Leselekse kvar dag.
- Lese for ein vaksen kvar dag.
- Høgtlesing av lærar kvar dag.
- Medlesing, korlesing.

Uteskule:

- Finne ting i naturen som handlar om vekas bokstav.
- Turopplevingar som utgangspunkt for tekstskaping /naturdagbok.
- Sporleik med ulike oppgåver/ gåter.

Lese- og skrivestimulerande tiltak:

- Bibliotek fast kvar veke.
- Faddertime der fadrane les høgt frå biletbøker.

- Språkleikar (rim, stavingar, lytte ut lydar, leite etter lydar osv).
- Skaping av fellestekst etter opplevingar.
- Rolleleik med fokus på lesing og skrivning, f.eks sjukehusleik, sirkusleik osv..
- Ha biletbøker og lettlestbøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobbar med lesing og skrivning over ein lengre periode. Gjerne avslutte med lesefest, bokkafe etc der foreldre eller fadrar blir invitert. Tips til tema: Faktatekst eller bokstavedikt?

Kartlegging:

- Høyre leseleksa gjennom heile året.
- Kartlegging av lyd/bokstav forståing etter 5. bokstav (lærarspesialist).
- Udirs lesekartlegging om våren.

Tiltak:

- Tiltak skal blir sett inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventta fagleg utvikling.
- Tett og ansvarlig samarbeid med heimen i ein skrifleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet, ved t.d styrkingslærer, spes.pedlærer.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærer, lese/skrivekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram som RELEMO, IntoWords.
- Bruk av Jonsbråten leseark til elevar som treng dette.
- Bruk av skriverammer med startsetningar ved tekstskaping.
- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar som skårar under kritisk grense ved kartleggingprøvar, til ressursgruppa.

2.trinn:

Ønska måloppnåing etter 2. trinn:

- Meistre automatisert fonologisk lesing. Det vil seie å kunne lese med samanheng og forståing på papir og digitalt og bruke enkle strategiar for leseforståing.
- Meistre å lese på ulike måtar, både leitelesing og nærlesing.
- Kunne uttrykke tekstoppleving gjennom leik, sang, teikning, skrivning og andre kreative aktivitetar.
- Kunne leike med rim og rytme og lytte ut språklydar og stavingar i ord.
- Kunne skrive egne tekstar for hand og på tastatur, ved hjelp av skriverammer

- og modelltekstar.
- Kunne skrive enkle fagspesifikke tekstar som f.eks naturfagrapport ved hjelp av skriverammer.

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Bruke spørjeord for å strukturere tekst. (kven handlar det om? kor skjer handlinga?..).
- Leitelesing og nærlesing.
- Bilde og overskrift. (BO).

Lesepraksis:

- Leselekse kvar dag.
- Lese for ein vaksen kvar dag.
- Høgtlesing av lærar kvar dag.
- Gjennomgang av nye ord og omgrep frå lekser.
- Stillelesing kvar dag.
- Nye omgrep henge synleg i klasserommet.
- Lage "naturfagvegg" / "samfunnsfagvegg" i klasserommet og henge omgrep og bilete.

Lese- og skriveaktivitetar:

- Tekstskaping: Skrive setningar og enkel tekst til bilete.
- Skrive logg frå uteskule eller andre opplevingar.
- Skrive enkle naturfagrapporter etter forsøk.
- Nysgjerrigperoppgåver.
- Stillelesingsstund kvar dag.
- Bokanbefalingar etter at bøker er ferdig leste.
- Rolleleik der lesing og skriving er i fokus, f.eks sjukehusleik, kafe osv.

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Bibliotek fast kvar veke.
- Språkleikar.
- Skaping av felles bok med tekstsamling, f eks klassen si vitsebok eller klassen si kokebok.
- Ha biletbøker og lettlestbøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Lese bok, og sjå filmen etterpå.
- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobbar med lesing og skrivning over ein lengre periode. Gjerne avslutte med bokkafe etc der foreldre eller fadrar blir invitert. Tips til tema i 2. klasse: Lygeforteljing? Eventyr?

Kartlegging:

- Høyre leselekse jamnleg i løpet av heile året.
- Udirs lesekartlegging om våren.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventa fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skrifleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærer, lesekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram som RELEMO, IntoWords.
- Bruk av skriverammer ved tekstsaking.
- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar som skårar under kritisk grense ved kartleggingprøvar.

3.trinn

Ønska måloppnåing etter 3. trinn:

- Kunne mestre ortografisk lesing. Det vil si lese både lydrette og ikke-lydrette ord med flyt og forståing.
- Kunne overvåke eiga lesing, og korrigere seg sjølv, og lese om igjen.
- Kunne bøye substantiv,verb og adjektiv.
- Kunne skrive ei samanhengande eg-forteljing med innleiing, hovuddel og avslutning.
- Kunne skrive ein faktatekst ved hjelp av skriverammer og startsetningar.
- Kunne velje bøker på biblioteket uti frå føremålet med lesinga (t.d leseøvingsbok eller lystlesingsbok)
- Kunne utvikle ei funksjonell handskrift.
- Kunne nytte enkel touch- metode på tastatur.

- Kunne bruke rett teiknsetting ved punktum og spørjeord.

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Førlesing, underveislesing og etter lesing.
- Leitelesing og nærlesing.
- "Rett i teksten" spørsmål og tanke spørsmål.
- Bilde og overskrift. (BO)
- Læringsvenn ved problemløysing og diskusjonar.

Lesepraksis:

- Gjennomgå nye leselekser/ ord og omgrep.
- Lese høgt for ein vaksen kvar dag.
- Høgtlesing med fokus på litteraturformidling fleire gonger i veka.
- Stillelesing, 15 min kvar dag/ 60- 70 min samla lesetid i veka
- Nye omgrep henge synleg i klasserommet.
- Lage "naturfagvegg" / "samfunnsfagvegg" i klasserommet og henge omgrep og bilete.

Lese- og skriveaktivitetar:

- *Forlag*: Skape ulike tekstar ut frå eige nivå.
- Skrive fagspesifikke tekstar, som naturfagrapportar, forteljingar, fagtekstar i Krle osv.
- Jobbe med handskrift i stavskriftboka.
- IKT- touchprogram.
- Nysgjerrigperoppgåver.
- Leseforståingsoppgåver.
- Bokanbefalingar etter at bøker er ferdig leste.

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Bibliotek fast kvar veke.

- Skaping av felles bok med tekstsamling, feks klassen si diktbok, kokebok, faktabok osv.
- Ha biletbøker og lettlestbøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Lese bok, og sjå filmen etterpå.
- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobbar med lesing og skrivning over ein lengre periode. Gjerne avslutte med bokkafe etc der foreldre eller fadrar blir invitert. Tips til tema i 3. klasse: Nysgjerrigper- prosjekt? eller bøker som ein har skrive i forlagstimen.

Kartlegging:

- Høyre leselekse jamnleg i løpet av heile året.
- Udirs lesekartlegging om våren.
- Ordkjedetest haust og vår.
- Setningsleseprøve, haust og vår.
- Staveprøven, haust og vår.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventta fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skrifleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærer, lesekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram som RELEMO, IntoWords. lydhør.
- Alltid bruke skriverammer ved tekstsaping.
- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar som skårar under kritisk grense ved kartleggingprøvar, til ressursgruppa.



4.trinn

Ønska måloppnåing etter 4. trinn:

- Kunne lese og lytte til forteljing, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk i tillegg til omsetjingar frå samisk og andre språk. Kunne samtale om innhold og form.
- Kunne velje bøker på biblioteket utifrå føremål.
- Kunne lese ulike tekstar med flyt og forståing.
- Kunne samtale om forskjellen mellom meiningar og fakta i tekstar.
- Kunne halde munnlege presentasjonar med og utan digitale ressursar.
- Kunne lese samansette tekstar, og tekstar som inneheld grafar, tabellar, kart osv.
- Kunne skildre, fortelje og argumentere munnleg og skriftleg og bruke språket på kreative måtar.
- Kunne skrive tekstar med funksjonell handskrift, og på tastatur.

- Kunne bruke komma og andre skiljeteikn i tekstar.

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Omgrepskart/ Tokolonne notat.
- Førlesing, underveislesing og etter lesing.
- Leitelesing, nærlesing og skumlesing.
- Nøkkelord og nøkkelsetningar.
- "Rett i teksten" spørsmål og tanke spørsmål.
- BISON=bilde, innleiing, siste avsnitt, overskrift og nøkkelord
- Læringsvenn ved problemløysing og diskusjonar.

Lesepraksis:

- Gjennomgå nye leselekser/ ord og omgrep.
- Lese høgt for ein vaksen 2-3 gonger i veka.
- Høgtlesing med fokus på litteraturformidling fleire gonger i veka.
- Å lese med fortellarstemme: Fokus på lese med intonasjon og stemmebruk.
- Stillelesing, 15 min kvar dag/ 60-75 min samla lesetid i veka
- Nye omgrep henge synleg i klasserommet.
- Lage "naturfagvegg" / "samfunnsfagvegg" i klasserommet og henge omgrep og bilete.

Lese- og skriveaktivitetar:

- *Forlag*: Skape ulike tekstar ut frå eige nivå.
- Skrive fagspesifikke tekstar, som naturfagrapportar, forteljingar, fagtekstar i Krle osv.
- IKT- touchprogram
- Nysgjerrigperoppgåver
- Bryte ned tidlegare nasjonale prøvar, og jobbe systematisk med desse tekstane.
- Leseforståingsoppgåver.
- Bokmeldingar etter at bøker er ferdig leste, både munnleg og skriftleg.

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Bibliotek fast kvar veke. Ulike elevar kvar veke som gir bokanbefalingar til resten av klassen.
- Lage felles digital bok, f,eks i book creator.
- Ha lesebøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Lese bok, og sjå filmen etterpå. Lage samanlikningar i etterkant.
- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobber med lesing og skrivning over ein lengre periode. Gjerne avslutte med bokkafe etc der foreldre eller andre klassar blir invitert. Tips til tema i 4. klasse: Digital eventyrbok for nye 1. klassingar? Lage egne biletbøker etter modell? (f.eks "Når To"-bøker) Brosjyre til nye 1. klassingar?

Kartlegging:

- Høyre leselekse jamnleg i løpet av heile året.
- Ordkjedetest haust og vår.
- Setningsleseprøven, haust og vår.
- Staveprøven haust og vår.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventet fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skriftleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærar, lesekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram som RELEMO, IntoWords, lydhør
- Bruk av skriverammer ved tekstskaping.
- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar til som skårar under kritisk grense ved kartleggingprøvar, til ressursgruppa.

5.trinn:

Ønska måloppnåing etter 5. trinn:

- Kunne lese lyrikk, noveller, fagtekstar, og annan skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, og samtale om form og innhald.
- Orienter seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, og vurdere kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i eigne tekstar.
- Kunne tilpasse lese måte etter føremålet med lesinga.
- Kunne lage og følge ein skriveplan ved skriving av saktekstar og skjønnlitterære tekstar.
- Kunne gjere seg nytte av respons for å redigere eigen tekst.
- Kunne skrive tekstar med funksjonell handskrift, og med flyt på tastatur.
- Kunne presentere faglege emne munnleg, med og utan digitale ressursar.
- Kunne prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar, f.eks bookcreator, flipgrid, creaza, wevideo.
- Kunne skildre, fortelje og argumentere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål.
- Kunne bruke fagspråk ved skriving av fagspesifikke tekstar.
- Kunne meistre sentrale reglar for rettskriving, og teiknsetting. (punktum, komma, spørjeteikn, utropsteikn og replikkstrek.

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Omgrepskart/ Tokolonne notat.
Førlesing, undervegslesing og etter lesing.
- Leitelesing, nærlesing og skumlesing.
- Nøkkelord og nøkkelsetningar.
- "Rett i teksten" spørsmål og tankesørsmål.
- BISON=bilde, innleiing, siste avsnitt, overskrift og nøkkelord
- VØL (Vet- Ønsker-Lært)
- Læringsvenn ved problemløysing og diskusjonar.

Lesepraksis:

- Gjennomgå nye leselekser/ ord og omgrep.
- Lese høgt for ein vaksen 2-3 gonger i veka.
- Høgtlesing med fokus på litteraturformidling fleire gonger i veka.
- Å lese med fortellarstemme: Fokus på lese med intonasjon og stemmebruk.
- Stillelesing, 15 min kvar dag/ 65-75 minutt samla lesetid i eka
- Nye omgrep henge synleg i klasserommet.
- Munnleg framføring/ presentasjon av ulike tekstar.

Lese- og skriveaktivitetar:

- Skape ulike tekstar ut frå ulike tema og føremål, men alltid med bruk av skriverammer og kriterier.
- Skrive fagspesifikke tekstar, som naturfagrapportar, forteljingar, fagtekstar i Krle osv.
- IKT- touchprogram.
- Tekstskaping på pc. Bruk av staveprogram, respons osv.
- Bokmeldingar etter at bøker er ferdig leste, både munnleg og skriftleg.

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Bibliotek fast kvar veke. Ulike elevar kvar veke som gir bokanbefalingar til resten av klassen.
- Litterære samtalar om felles høgtlesingsbok.
- Delta på bokslukerpris.
- Ha lesebøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Lese bok, og sjå filmen etterpå. Lage samanlikningar i etterkant.
- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobbar med lesing og skrivning over ein lengre periode. Gjerne avslutte med bokkafe etc der foreldre eller faddrar blir invitert. Tips til tema i 5. klasse: Lage biletbøker for faddarklasse? Diktbok?

Kartlegging:

- Høyre leselekse jamnleg i løpet av heile året.
- Nasjonal prøve i lesing (Haust).
- Ordkjedetest, haust og vår.
- Setningsleseprøven, haust og vår.
- Staveprøven, haust og vår.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventa fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skriftleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styringslærar, lese/skrivekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram som RELEMO, IntoWords, lydhør.
- Bruk av skriverammer ved tekstskaping.

- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar som skårar under kritisk grense ved kartleggingprøvar, til ressursgruppa.



6. trinn

Ønska måloppnåing etter 6. trinn:

- Kunne lese lyrikk, noveller, fagtekstar og anna skjønnlitteratur og sakprosa, på bokmål og nynorsk, og samtale om form og innhald.
- Orienterer seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, vurderer kor pålitelege kjeldene er, og viser til kjelder i eigne tekster.
- Kunne auke lesefarten på stadig vanskelegare tekstar utan at det går ut over forståing.
- Kunne overvåke eiga lesing, tilpasse lese måte etter føremålet, og bruke effektive strategiar i møte med ukjende ord.
- Kunne lage og følge ein skriveplan ved skrivning av saktekstar og skjønnlitterære tekstar.
- Kunne gjere seg nytte av respons for å redigere eigen tekst.
- Kunne skrive tekstar med funksjonell handskrift, og med flyt på tastatur.
- Kunne presentere faglege emne munnleg, med og utan digitale ressursar.
- Kunne prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar, f.eks book creator, flip grid, creaza, wevideo.
- Kunne skildre, fortelje og argumentere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål.
- Kunne bruke fagspråk ved skrivning av fagspesifikke tekstar.

- Kunne meistre sentrale reglar for rettskriving, ordbøying og teiknsetjing.

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Omgrepskart/ Tokolonne notat.
Førlesing, undervegslesing og etter lesing.
- Leitelesing, nærlesing og skumlesing.
- Nøkkelord og nøkkelsetningar.
- "Rett i teksten" spørsmål og tankesørsmål
- BISON=bilde, innleiing, siste avsnitt, overskrift og nøkkelord
- VØL (veit, ønsker, lært).
- Samandrag.
- Læringsvenn ved problemløysing og diskusjonar.

Lesepraksis:

- Gjennomgå nye leselekser/ ord og omgrep.
- Bruke omgrepskart ved nye fagspesifikke uttrykk.
- Høgtlesing med fokus på litteraturformidling fleire gonger i veka.
- Stillelesing, 15 min kvar dag/70-80 min samla lesetid i veka
- Munnleg framføring/ presentasjon av ulike tekstar.

Lese- og skriveaktivitetar:

- Skape ulike tekstar utifrå ulike tema og føremål, men alltid med bruk av skriverammer og kriterier.
- Skrive fagspesifikke tekstar, som naturfagrapportar, forteljingar, fagtekstar i Krle osv.
- IKT- touchprogram
- Tekstskaping på pc. Bruk av staveprogram, respons osv.
- Bokmeldingar etter at bøker er ferdig leste, både munnleg og skriftleg.

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Bibliotek fast kvar veke.
- Litterære samtalar om felles høgtlesingsbok.
- Delta på bokslukerpris.
- Ha lesebøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Lese bok, og sjå filmen etterpå. Lage samanlikningar i etterkant.

- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobbar med lesing og skrivning over ein lengre periode. Gjerne avslutte med bokkafe etc der foreldre eller medelevar blir invitert. Tips til tema i 6. klasse: Ulike typar forteljingar? (t.d Eg- forteljing, Fluge på veggen- forteljing, krim-forteljing)

Kartlegging:

- Sjekke lesing og leseforståing jamnleg i løpet av heile året.
- Ordkjedetest haust og vår.
- Setningsleseprøven, haust og vår.
- Staveprøven haust og vår.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventet fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skriftleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærer, lesekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram som RELEMO, IntoWords.
- Bruk av skriverammer ved tekstskaing.
- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar som skårar under kritisk grense ved kartleggingprøvar, til ressursgruppa.

7. trinn

Ønska måloppnåing etter 7. trinn:

- Kunne lese lyrikk, noveller, fagtekstar og annan skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk, og samtale om form og innhald.
- Kunne overvåke eiga lesing, tilpasse lese måte etter føremålet, og bruke effektive strategiar i møte med ukjente ord.

- Kunne lage og følge ein skriveplan ved skrivning av saktekstar og skjønnlitterære tekstar.
- Kunne orientere seg i faglege kjelder på biblioteket og digitalt, vurdere kor pålitelege dei er og vise til kjelder i eigne tekstar.
- Kunne gjere seg nytte av respons for å redigere eigen tekst.
- Kunne skrive tekstar med funksjonell handskrift og med flyt på tastatur.
- Kunne presentere faglege emne munnleg med og utan digitale ressursar.
- Kunne prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar, f.eks book creator, flip grid, creaza.
- Kunne skildre, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål.
- Kunne bruke fagspråk og formelt språk ved skrivning av fagspesifikke tekstar.
- Kunne meistre sentrale reglar for rettskriving, ordbøying og teiknsetjing.
- Kunne prøve ut skrivning av tekstar på sidemål.
- Kunne utforske og reflektere over samanheng mellom språk og identitet

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Omgrepskart/ Tokolonne notat.
- Førlesing, underveislesing og etter lesing.
- Leitelesing, nærlesing og skumlesing.
- Nøkkelord og nøkkelseiningar.
- Fokuserer på finnespørsmål, refleksjonsspørsmål og tolkespørsmål.
- BISON=bilde, innleiing, siste avsnitt, overskrift og nøkkelord.
- Samandrag.
- Læringsvenn ved problemløysing og diskusjonar.

Lesepraksis:

- Gjennomgå nye leselekser/ ord og omgrep.
- Bruke omgrepskart ved nye fagspesifikke uttrykk.
- Høgtlesing med fokus på litteraturformidling eit par gonger i veka.
- Stillelesing, 15 min kvar dag i skjønnlitterær bok/ 70-80 minutt samla lesetid i veka
- Selvstendig lesing av fagtekst.
- Munnleg framføring/ presentasjon av ulike tekstar.

Lese- og skriveaktivitetar:

- Skape ulike tekstar ut frå ulike tema og føremål, men alltid med bruk av skriverammer og kriterier.
- Skrive fagspesifikke tekstar, som naturfagrapportar, forteljingar, fagtekstar i Krle osv.
- IKT- touchprogram.

- Tekstskaping på pc. Bruk av staveprogram, respons osv.
- Bokmeldingar etter at bøker er ferdig leste, både munnleg og skriftleg.

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Bibliotek fast kvar veke.
- Litterære samtalar om felles høgtlesingsbok.
- Delta på bokslukerpris.
- Ha lesebøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Lese bok, og sjå filmen etterpå. Lage samanlikningar i etterkant.
- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobbar med lesing og skrivning over ein lengre periode. Gjerne avslutte med bokkafe etc der foreldre eller medelevar blir invitert. Tips til tema i 7. klasse: Brosjyre frå leirskule?

Kartlegging:

- Sjekke lesing og leseforståing jamnleg i løpet av heile året.
- Ordkjedetest haust og vår.
- Setningsleseprøven, haust og vår.
- Staveprøven haust og vår.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventet fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skriftleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærer, lesekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram som RELEMO, IntoWords.
- Bruk av skriverammer ved tekstskaping.
- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar som skårar under kritisk grense ved kartleggingprøvar, til ressursgruppa.

8. trinn

Ønska måloppnåing etter 8. trinn:

- Kunne lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over teksten sitt formål, innhald, sjangertrekk og virkemiddel.
- Kunne samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå egne erfaringar og egne leseerfaringar.
- Kunne skildre og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa
- Kunne lytte til og lese tekstar på dansk og svensk og gjere greie for innhald og språklege trekk.
- Kunne gjenkjenne og bruke språklege virkemiddel og retoriske appellformer i både skjønnlitterære tekstar og saktekstar.
- Kunne bruke kjelder på ein kritisk måte, og vise til kjelder i egne tekstar.
- Kunne bruke fagspesifikke omgrep ved skriving av tekstar innanfor dei ulike fagdiskursane.
- Kunne informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium.
- Kunne skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og rett teiknsetjing og meiste rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål.
- Kunne bruke kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og omarbeiding av tekstar.
- Kunne uttrykke seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar.
- Kunne lage samansette tekstar og grunngje val av uttrykksformer.

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Omgrepskart/ Tokolonne notat.
- Førlesing, underveislesing og etter lesing.
- Nøkkelord og nøkkelseiningar.
- Fokusere på finnespørsmål, refleksjonsspørsmål og tolkespørsmål.
- BISON= Bilete, innleiing, siste avsnitt, overskrift, nøkkelord.
- Samandrag.
- Læringsvenn ved problemløysing og diskusjonar.

Lesepraksis:

- Gjennomgå nye ord og omgrep.
- Bruke omgrepskart ved nye fagspesifikke uttrykk.
- Høgtlesing med fokus på litteraturformidling eit par gonger i veka.
- Stillelesing, 15 min kvar dag i skjønnlitterær bok/70-90 samla lesetid i veka
- Sjølvstendig lesing av fagtekst.
- Munnleg framføring/ presentasjon av ulike tekstar.

Lese- og skriveaktivitetar:

- Sjangerkunnskap: Skape ulike tekstar innanfor ulike tema og til ulike føremål.
- Skrive fagspesifikke tekstar, som naturfagrapportar, samanlikningar i Krle, tolkningstekstar i samfunnskap osv..
- IKT- touchprogram.
- Tekstskaping på pc. Bruk av staveprogram, respons osv.
- Eksplisitt undervisning i bruk av skriverammer og skriveplan ved tekstskaping.
- Bokmeldingar etter at bøker er ferdig leste, både munnleg og skriftleg.
- Skrive leselogg undervegs ved lesing av skjønnlitterære bøker.
- Lese ei felles bok. Bestille klassesett? Tips: Simon Stranger: Barsakh.

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Litterære samtalar om felles lesebok.
- Besøk av forfattar / skriveverktsted.
- Ha lesebøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Lese bok, og sjå filmen etterpå. Lage samanlikningar i etterkant.
- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobbar med lesing og skrivning over ein lengre periode. Tips til tema i 8. klasse: lage Podcast? Drøfting og debatt.

Kartlegging:

- Nasjonal prøve i lesing, 8. trinn.
- Sjekke lesing og leseforståing jamnleg i løpet av heile året.
- Tentamen haust og vår. Tentamen skal vere del av prosesskriving.
- Ulike vurderingsformer, både skriftlege og munnlege.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventa fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skrifleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærer, lese/skrivekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram.
- Bruk av skriverammer ved tekstskaping.
- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar som skårar under kritisk grense ved kartleggingsprøvar, til ressursgruppa.



9. trinn

Ønska måloppnåing etter 9. trinn:

- Kunne lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over teksten sitt formål, innhald, sjangertrekk og virkemiddel.
- Kunne samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk perspektiv og samtid.
- Kunne skildre og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa.
- Kunne lytte til, og lese tekstar på dansk og svensk og gjere greie for innhald og språklege trekk.
- Kunne gjenkjenne og bruke språklege virkemiddel og retoriske appellformer i både skjønnlitterære tekstar og saktekstar.
- Kunne bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat, og vise til kjelder i egne tekstar.
- Kunne bruke fagspesifikke omgrep ved skriving av tekstar innafor dei ulike fagdiskursane.
- Kunne informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium.
- Kunne skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og rett teiknsetjing og mestre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål.
- Kunne bruke kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og omarbeiding av tekstar.
- Kunne uttrykke meg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar.
- Kunne lage samansette tekstar og grunngje val av uttrykksformer.

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Omgrepskart/ Tokolonne notat.
- Førlesing, underveislesing og etter lesing.
- Nøkkelord og nøkkelseiningar.
- Fokuserer på finnespørsmål, refleksjonsspørsmål og tolkespørsmål.
- BISON= Bilete, innleiing, siste avsnitt, overskrift, nøkkelord.
- Samandrag.
- Læringsvenn ved problemløysing og diskusjonar.

Lesepraksis:

- Gjennomgå nye ord og omgrep.
- Bruke omgrepskart ved nye fagspesifikke uttrykk.
- Høgtlesing med fokus på litteraturformidling eit par gonger i veka.
- Stillelesing, 15 min kvar dag i skjønnlitterær bok/70- 90 minutt samla lesetid i veka
- Sjølvstendig lesing av fagtekst.
- Munnleg framføring/ presentasjon av ulike tekstar.

Lese- og skriveaktivitetar:

- Sjangerkunnskap: Skape ulike tekstar innanfor ulike tema og til ulike føremål.
- Skrive fagspesifikke tekstar, som naturfagrapportar, samanlikningar i Krle, tolkningstekstar i samfunnskap osv..
- IKT- touchprogram.
- Tekstskaping på pc. Bruk av staveprogram, respons osv.
- Ekspisitt undervisning i bruk av skriverammer og skriveplan ved tekstskaping.
- Bokmeldingar etter at bøker er ferdig leste, både munnleg og skriftleg.
- Skrive leselogg underveis ved lesing av skjønnlitterære bøker.
- Lese felles bok. Bestille klassesett?

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Litterære samtalar om felles lesebok.
- Besøk av forfattar / skriveverktsted.
- Ha lesebøker tilgjengeleg i klasserommet
- Lese bok, og sjå filmen etterpå. Lage samanlikningar i etterkant.
- Eit stort lese- og skriveprosjekt i året der elevane jobber med lesing og skrivning over ein lengre periode. Tips til tema i 9. klasse: lage blogg? Kåseri og stand up show? Lage egne biletbøker.

Kartlegging:

- Nasjonal prøve i lesing, 9. trinn.
- Sjekke lesing og leseforståing jåmleg i løpet av heile året.
- Tentamen haust og vår. Denne må vere del prosesskiving.
- Ulike vurderingsformer, både skriftlege og munnlege.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventet fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skriftleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærer, lesekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram.
- Bruk av skriverammer ved tekstskaping.
- Lærarar er pliktig til å melde opp elevar som skårar under kritisk grense ved kartleggingprøvar.

10. trinn

Ønska måloppnåing etter 10. trinn:

- Kunne lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over teksten sitt formål, innhald, sjangertrekk og virkemiddel.
- Kunne samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk perspektiv og samtid.
- Kunne skildre og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa.
- Kunne lytte til og lese tekstar på dansk og svensk og gjere greie for innhald og språklege trekk.
- Kunne gjenkjenne og bruke språklege virkemiddel og retoriske appellformer i både skjønnlitterære tekstar og saktekstar.
- Kunne bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat, og vise til kjelder i egne tekstar.
- Kunne bruke fagspesifikke omgrep ved skiving av tekstar innafor dei ulike fagdiskursane.
- Kunne informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium.

- Kunne skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og rett teiknsetjing og mestre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål.
- Kunne bruke kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og omarbeiding av tekstar.
- Kunne uttrykke seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar.
- Kunne lage samansette tekstar og grunngje val av uttrykksformer.

Lese- og læringsstrategiar:

- Tankekart.
- Omgrepskart/ Tokolonne notat.
- Førlesing, underveislesing og etter lesing.
- Nøkkelord og nøkkelsetningar.
- Fokusere på finnespørsmål, refleksjonsspørsmål og tolkespørsmål.
- BISON=bilde, innleiing, siste avsnitt, overskrift og nøkkelord
- Samandrag.
- Læringsvenn ved problemløysing og diskusjonar.

Lesepraksis:

- Gjennomgå nye ord og omgrep.
- Bruke omgrepskart ved nye fagspesifikke uttrykk.
- Høgtlesing med fokus på litteraturformidling eit par gonger i veka.
- Stillelesing, 15 min kvar dag i skjønnlitterær bok/ 70-90 minutt samla lesetid i veka
- Sjølvstendig lesing av fagtekst.
- Munnleg framføring/ presentasjon av ulike tekstar.

Lese- og skriveaktivitetar:

- Sjangerkunnskap: Skape ulike tekstar innanfor ulike tema og til ulike føremål.
- Skrive fagspesifikke tekstar, som naturfagrapportar, samanlikningar i Krle, tolkningstekstar i samfunnskap osv..
- Eksplisitt opplæring i korleis elevane skal planlegge tekstskaping ved hjelp av skriverammer og skrivplan.
- IKT- touchprogram.
- Tekstskaping på pc. Bruk av staveprogram, respons osv.
- Fordjupningsoppgåve innanfor eit spåkleg, eller eit litterært tema. Skriftleg eller munnleg.

Lese og skrivestimulerande tiltak:

- Litterære samtalar om felles lesebok.
- Besøk av forfattar / skriveverktstad.
- Ha lesebøker tilgjengeleg i klasserommet.
- Lese bok, og sjå filmen etterpå. Lage samanlikningar i etterkant.

Kartlegging:

- Sjekke lesing og leseforståing jamnleg i løpet av heile året, gjennom leselogg, elevsamtaler, fagsamtaler osv.
- Tentamen haust og vår.
- Ulike vurderingsformar, både skriftlege og munnlege.

Tiltak:

- Tiltak skal settast inn umiddelbart dersom elevar ikkje har forventet fagleg utvikling.
- Tett og ansvarleg samarbeid med heimen i ein skriftleg plan.
- Tilpassa opplæring inne i klasserommet.
- Særskilde tiltak kan vere styrkingslærer, lese/skrivekurs, arbeid i gruppe, bruk av ulike lesestimulerande hjelpeprogram.
- Bruk av skriverammer ved tekstskaoping.



23/50 GCLÉE

"VINGESPENN"

LISA AHMO - 17